



Møteprotokoll

Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møtedato: 20.10.2025 kl. 09:45

Møtestad: Kristiansund - Campus

Arkivsak: 23/03807

Til stades: Amalie Valde Berge (Nominasjonskomiteens liste)
Mildrid Fiske (Nominasjonskomiteens liste)
Laila Terese Alendal (Bønnelista)
Arnt-Ove Tenfjord (Frimodig kirke)
Marit Aklestad (Åpen folkekirke)
Ole Kristian Gundersen (Åpen folkekirke)
Maren Elgsaas Alnæs (Åpen folkekirke)
Arne Moltubak (Geistlig representant)
Magnus Moksnes Myhre (Lek kirkelig tilsatt)
Ingeborg Midttømme (biskop)

Frammøtte
varamedlemmer: Mildrid Fiske for Knut Støbakk (Nominasjonskomiteens liste)
Marit Aklestad for Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke)

Forfall: Knut Støbakk (Nominasjonskomiteens liste)
Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke)

Andre: Prost/Studentprest Sindre Stabell Kulø sak 45/25, 46/25, 47/25
Karen Vik - Studentsamskipnaden i Kristiansund sak 47/25
Kapellan Sylviane Jacques Denis sak 45/25
Sokneprest Tormod Sikkeland 46/25
Kirkeverge Kjersti Harstad sak 46/25
Prosjektleder Kristiansund Ung i Kirkens bymisjon: Håvard
Langseth Nilsen

Protokollfører: Bjørn Olaf Storhaug

SAKLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
38/25	Godkjenning av innkalling og saksliste 20. oktober 2025	3
Godkjenning av protokoll		
39/25	Godkjenning av protokoll frå møte i bispedømmerådet 12. september 2025	3
Saker til behandling		
40/25	Høring - Regler om Den norske kirkes digitaliseringsutvalg og sikkerhetsutvalg for personvern og informasjonssikkerhet	4
41/25	Høyring - "Opprettelsen av pite- og lulesamisk kategorialmenighet"	4
42/25	Høyring - "Forslag til bestemmelser om samisk kirkeliv i kirkeordningen"	6
43/25	Høyring om reglar for kyrkjeval haust 2025	8
44/25	Budsjett 2026 - overordna styringssignal	8
Orienteringssaker		
45/25	Ungdommens kyrkjemøte 2025 - samtale med delegatar	9
46/25	Møte med representantar for kyrkjelydane i Kristiansund	9
47/25	Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 20. oktober 2025	10

Stad 07.11.2025

Arnt-Ove Tenfjord
Leiar

Bjørn Olaf Storhaug
Møtesekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

38/25 Godkjenning av innkalling og saksliste 20. oktober 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	38/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste for møte 20. oktober 2025

Møtebehandling

Vedtak

Bispedømmerådet godkjenner innkalling og saksliste for møte 20. oktober 2025

Godkjenning av protokoll

39/25 Godkjenning av protokoll frå møte i bispedømmerådet 12. september 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	39/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 12. september 2025.

Møtebehandling

Vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokoll frå møte 12. september 2025.

Saker til behandling

40/25 Høring - Regler om Den norske kirkes digitaliseringsutvalg og sikkerhetsutvalg for personvern og informasjonssikkerhet

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	40/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd støtter Kirkerådets forslag til regler om Den norske kirkes digitaliseringsutvalg og sikkerhetsutvalg for personvern og informasjonssikkerhet og ber om at høringssvar blir gitt i tråd med dette.

Møtebehandling

Administrasjonen blir bedt om å følge opp spørsmål om Kirkemøtevedtak om evaluering hvert 3. år er ivarettatt.

Vedtak

Møre bispedømmeråd støtter Kirkerådets forslag til regler om Den norske kirkes digitaliseringsutvalg og sikkerhetsutvalg for personvern og informasjonssikkerhet og ber om at høringssvar blir gitt i tråd med dette.

41/25 Høring - "Opprettelsen av pite- og lulesamisk kategorialmenighet"

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	41/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømme støttar opprettinga av ein pite- og lulesamisk kategorialkyrkjelyd.

Kva behov kan ein ny kategorialkyrkjelyd dekke?

Møre bispedømme meiner ein ny pite- og lulesamisk kategorialkyrkjelyd vil kunne bidra til å ivareta retten til kyrkjeleg betening på eigne premiss for lule- og pitesamer, uavhengig av bustad. Han vil kunne bidra til å utvikle lule- og pitesamisk språk, noko som vil kunne utgjere eit betydeleg bidrag også ut over kyrkjeleg samanheng. Ein ser i tillegg for seg at ein slik kategorialkyrkjelyd kan vere ei kjelde til teologisk refleksjon i tråd med samiske tradisjonar og sjølvforståing, som kan kome heile kyrkja til gode.

Kan desse behova dekkast på andre måtar enn ved å opprette ein kategorialmenighet – i så fall korleis?

Det har vorte arbeidd på overordna plan med å sikre rettar og likebehandling av samiske medlemmer i Den norske kyrkja, mellom anna i opprettinga av sametinget 1992, sør-samisk kategorialkyrkjelyd i 2015, og vedtak og arbeid som har følgd desse. Dette har likevel ikkje vore tilstrekkeleg for å ivareta og utvikle pite- og lulesamisk kyrkjeliv. Møre bispedøme har, utover forslaget som er fremma her, ingen andre forslag til tilsvarende tiltak for å sikre denne utviklinga.

Korleis ser de for dykk samvirkerknaden mellom kategorialkyrkjelyden og lokale kyrkjelydar i lule- og pitesamisk språkområde?
Møre bispedøme har ingen merknader til dette spørsmålet.

Har du/dere andre merknader til høringen?
Møre bispedømeråd vil peike på at det er viktig å sikre ein eventuelt ny kategorialkyrkjelyd og den sør-samiske kategorialkyrkjelyden ei brei plattform i Den norske kyrkja, slik at dei står fram som ein integrert del av kyrkjelivet i Den norske kyrkja, og kan få ytterlegare innverknad på kyrkja sitt øvrige arbeid.

Møtebehandling

Forslag frå Ingeborg Midttømme:
Tillegg til punkt «andre merknader»: Den norske Kyrkja var som statskyrkje instrument for staten sin fornorskningspolitikk. Metoden i fornorskninga var å ta bort selvbestemmelse, språk og kultur. Som kyrkje er vi moralsk forplikta til å følgje opp Sannhets- og forsoningskomisjonens arbeid. Møre bispedømeråd meiner difor at opprettelse av en kategorialkyrkjelyd no er det beste grepet for å ivareta høvet til å utøve sin tro innafor Den norske kyrkje si lære og i tråd med sin kultur.

Vedtak

Møre bispedømeråd støttar opprettinga av ein pite- og lulesamisk kategorialkyrkjelyd.

Kva behov kan ein ny kategorialkyrkjelyd dekke?
Møre bispedømeråd meiner ein ny pite- og lulesamisk kategorialkyrkjelyd vil kunne bidra til å ivareta retten til kyrkjeleg betening på eigne premiss for lule- og pitesamer, uavhengig av bustad. Han vil kunne bidra til å utvikle lule- og pitesamisk språk, noko som vil kunne utgjere eit betydeleg bidrag også ut over kyrkjeleg samanheng. Ein ser i tillegg for seg at ein slik kategorialkyrkjelyd kan vere ei kjelde til teologisk refleksjon i tråd med samiske tradisjonar og sjølvforståing, som kan kome heile kyrkja til gode.

Kan desse behova dekkast på andre måtar enn ved å opprette ein kategorialmenighet – i så fall korleis?
Det har vorte arbeidd på overordna plan med å sikre rettar og likebehandling av samiske medlemmer i Den norske kyrkja, mellom anna i opprettinga av sametinget 1992, sør-samisk kategorialkyrkjelyd i 2015, og vedtak og arbeid som har følgd desse. Dette har likevel ikkje vore tilstrekkeleg for å ivareta og utvikle pite- og lulesamisk kyrkjeliv. Møre bispedøme har, utover forslaget som er fremma her, ingen andre forslag til tilsvarende tiltak for å sikre denne utviklinga.

Korleis ser de for dykk samvirkerknaden mellom kategorialkyrkjelyden og

lokale kyrkjelydar i lule- og pitesamisk språkområde?

Møre bispedøme har ingen merknader til dette spørsmålet.

Har du/dere andre merknader til høringen?

Den norske Kyrkja var som statskyrkje instrument for staten sin fornorskningspolitikk. Metoden i fornorskinga var å ta bort sjølvråderett, språk og kultur. Som kyrkje er vi moralsk forplikta til å følgje opp Sannhets- og forsoningskomisjonens arbeid. Møre bispedømmeråd meiner difor at opprettelse av ein kategorialkyrkjelyd no er det beste grepet for å ivareta høvet til å utøve sin tro innafor Den norske kyrkje si lære og i tråd med sin kultur.

Møre bispedømmeråd vil peike på at det er viktig å sikre ein eventuelt ny kategorialkyrkjelyd og den sør-samiske kategorialkyrkjelyden ei brei plattform i Den norske kyrkja, slik at dei står fram som ein integrert del av kyrkjelivet i Den norske kyrkja, og kan få ytterlegare innverknad på kyrkja sitt øvrige arbeid.

42/25 Høyring - "Forslag til bestemmelser om samisk kirkeliv i kirkeordningen"

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	42/25

Forslag til vedtak

Møre bispedøme støttar at følgande paragraf tas inn i kyrkjeordninga:

§ XX Samisk kirkeliv *Samisk kirkeliv er en integrert og likeverdig del av Den norske kirke. Kirkelige organer skal legge til rette for at samisk språk, kultur og medvirkning i kirkedemokratiet sikres og utvikles i kirken.*

Møre bispedøme støttar følgande paragraf tas inn i kyrkjeordninga:

§ 42 a. Språk *Bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk i kirkelige organer. For kirkelige organer som opptrer på vegne av rettssubjektet Den norske kirke, anvendes språkløvas regler om statsorgan for så vidt gjelder den administrative delen av virksomheten.*

Samiske språk og norsk er likeverdige språk.

Enhver har rett til individuelle kirkelige tjenester på samisk i Den norske kirkes menigheter i språkutviklingskommuner og språkvitaliseringskommuner.

Møre bispedøme har ingen videre merknader til forslagene til paragrafer i kyrkjeordninga.

Møtebehandling

Endringsforslag frå Laila Terese Alendal

1. Om forslaget til § XX Samisk kirkeliv

Bønnelista anbefaler at hele paragrafen strykes.

2. Endringsforslag til § 42a – Språk

Tilleggsforslag:

«Andakter og taler som holdes på samisk i fellesskapssammenhenger, skal simultanoversettes til norsk, for eksempel via plugg, slik at innholdet blir tilgjengelig for alle deltakerne.»

3. Avsluttende merknader

Den norske kirke står ovenfor store utfordringer, både økonomisk og strukturelt. Økt press p ressurser, frivillighet og kompetanse gjør det nødvendig å prioritere kjerneoppgaver. Det er viktig at DnK ikke pålegges ansvar for å oppfylle alle krav fra interessegrupper – uavhengig av hvor berettigede disse måtte være. I stedet må kirken fokusere på sitt primære oppdrag: forkynnelse, fellesskap og tjeneste.

Vedtak

Møre bispedømmeråd støttar at følgande paragraf tas inn i kyrkjeordninga:

§ XX Samisk kirkeliv *Samisk kirkeliv er en integrert og likeverdig del av Den norske kirke. Kirkelige organer skal legge til rette for at samisk språk, kultur og medvirkning i kirkedemokratiet sikres og utvikles i kirken.*

Møre bispedømmeråd støttar følgande paragraf tas inn i kyrkjeordninga:

§ 42 a. Språk *Bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk i kirkelige organer. For kirkelige organer som opptre på vegne av rettssubjektet Den norske kirke, anvendes språklovas regler om statsorgan for så vidt gjelder den administrative delen av virksomheten.*

Samiske språk og norsk er likeverdige språk.

Enhver har rett til individuelle kirkelige tjenester på samisk i Den norske kirkes menigheter i språkutviklingskommuner og språkvitaliseringskommuner.

Møre bispedømme har ingen videre merknader til forslagene til paragrafer i kyrkjeordninga.

43/25 Høyring om reglar for kyrkjeval haust 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	43/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek høyringa slik den er vedlagt saka.

Møtebehandling

Endringsforslag frå Ingeborg Midttømme

1. §§28 og 29: Forslaga i høyringa blir ståande
2. §§11 og 12: Forslaga i høyringa blir ståande
3. Møre bispedømmeråd vedtek høyringa med dei endringar som kom i møtet.

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek høyringa med dei endringar som kom i møtet.

44/25 Budsjett 2026 - overordna styringssignal

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	34/25
2 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	44/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet ber om at budsjett 2026 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar, rekneskapsresultat for 2025 og dei overordna signal som kom fram i denne saka.

Møtebehandling

Forslag frå Ingeborg Midttømme: Tilleggsord ... dei overordna nasjonale signal...

Vedtak

Bispedømmerådet ber om at budsjett 2026 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar, rekneskapsresultat for 2025 og dei overordna nasjonal signal som kom fram i denne saka.

Orienteringssaker

45/25 Ungdommens kyrkjemøte 2025 - samtale med delegatar

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	45/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd takkar for deltaking på Ungdommens kyrkjemøte og for orientering

Møtebehandling

Orientering frå Ungdommens kyrkjemøtet blei gitt. Hovudsak: «What Would Jesus Do (WWJD)». Andre saker: Dnk mot mobbing. Dnk i møte med jøder og jødedom, Unge i kyrkja for berekraft. Sjå protokoll <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/ungdommens-kirkemote/saksdokumenter-og-vedtak/ukm2025/>

Kva inspirerte?:

- Engasjerte ungdommer, Flere bevist på egen tro, Fellesskap

Kva jobbe vidare med?:

- Styrke kompetanse mht forebygge mobbing og utanforskap. Styrke og utvikle ung ledelseskultur. Bøn og salmer som noe samlande og som noe kvardagsleg.

Vedtak

Møre bispedømmeråd takkar for deltaking på Ungdommens kyrkjemøte og for orientering.

46/25 Møte med representantar for kyrkjelydane i Kristiansund

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	46/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd takkar for orienteringa

Møtebehandling

Samtale om kva som kyrkjelydane i Kristiansund lykkes med og kva som er utfordringar. Strategiske val om korleis vere kyrkje i byen.

Vedtak

Møre bispedømmeråd takkar for orienteringa

47/25 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 20. oktober 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	20.10.2025	47/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet tar orienteringane til vitande

Møtebehandling

I denne saka blir det gitt skriftlege og munnlege orienteringar til bispedømmerådet. Medlemmer av ulike råd og utval har høve til å gi munnlege orienteringar frå møter eller aktivitetar.

Skriftlege orienteringar:

1. Det vil i løpet av hausten -25 bli gjennomført ein ny medlemsundersøking for medlemmar av Den norske kyrkja.
2. Det var i løpet av hausten -25 planlagt gjennomført ny medarbeiderundersøking for tilsette i Den norske kyrkja. Denne undersøkinga er utsett.
3. Det er denne hausten gjennomført prostisamlingar for alle tilsette i alle prosti. Om lag 250 tilsette i rDnk og fellesråda har deltatt. Prostisamlingane er eit samarbeid mellom prost og kyrkjeveverjer. Søre Sunnmøre har fokusert på beredskap, Nordre Sunnmøre på beredskap og frivillig. Molde domprosti om å møte menneske i sorg. Ytre- og Indre Nordmøre om kriser og beredskap. Bispedømekontoret har deltatt med ein bolk «Korleis kan kyrkja vere håpsberar i vår tid» og vore representert med tre-fire tilsette.
4. Kirkens Bymisjon i Kristiansund blir offisielt opna 29. oktober. Biskop, prostar og leiargruppa i bispedømet vil vere til stades. I dette møtet får bispedømmerådet omvisning i lokala for Kirkens Bymisjon
5. Den originale Kulisteinen – Noregs dåpsattest - er utstilt i Normoria – Kristiansund sitt nye kulturhus. I dette møtet blir bispedømmerådet vist både historie og nybygg.

Munnlege orienteringar:

1. Biskopen orienterer
Informasjon om Bispemøtet sitt arbeid med unnskyldning til skeive. Samtale og respons.
2. Frå Kirkerådet:
Oppnemning av biskop i Nord-Hålogaland. Innsetting 7. desember -25
3. Eventuelle andre orienteringar
 - a. Kort orientering kring Suel Kassembo som sit i kyrkjeasyl i Herøy kyrkje
 - b. Prost Sindre Stabell Kulø og Studentsamskipnaden v/Karen Wik – informasjon om Campus Kristiansund, studentpresttjenesten i Kristiansund og samvirke med Studentsamskipnaden.
 - c. Prost Sindre Stabell Kulø og Prosjektleder Håvard Langseth Nilsen – Informasjon om samskapingsprosjektet «Kristiansund Ung» mellom Kristiansund kommune, Møre bispedømme og Kirkens bymisjon.

- d. Omvisning utstilling på Normoria og Kulisteinen. Normoria er Kristiansunds nye opera og kulturhus og blir offisielt opna 23. oktober 2025
- e. Prost Sindre Stabell Kulø: Omvisning i Kirkelandet kirke - Kristiansund

Vedtak

Bispedømerådet tar orienteringane til vitande